



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Olav Overvoll, 5557 2315

Vår dato  
27.11.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/15426 433.9  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Tilskot til tiltak mot vestamerikansk hemlokk i Lindås 2015-2016

#### Vedtak:

Vi viser til synfaring saman med Nils Kaalaas den 23.11. d.å, der vi såg på gjennomførte tiltak mot vestamerikansk hemlokk, og vurderte behov for oppfølgande tiltak.

Lindås kommune har tidlegare mottatt kr. 100.000 til tiltak mot vestamerikansk hemlokk (i 2012 kr. 60.000 til fjerning av frøtre i eit område nord for Isdalstø og eit område nord for Seim, og i 2013 kr. 40.000 til etterrydding av småplanter i dei same områda). Småplanter er rydda bort i eit nokså stort areal rundt frøtrea, men det er likevel behov for ytterlegare etterrydding over eit større areal. Det er òg aktuelt å fjerne enkelte ungtre observert spreidd frå andre hemlokkfeltet i kommunen.

Etter avtale overfører vi kr. 20.000 til kommunen sin konto nr. 1603.22.54567. Midlane skal nyttast til vidare tiltak mot vestamerikansk hemlokk i kommunen, i tråd med avsnittet over.

Oversikt over økonomi og gjennomførte tiltak, skal sendast Fylkesmannen ved årsslutt (her 2016). Vi viser til økonomireglementet med oppbevaringsplikt i 10 år for rekneskapsdata og dokumentasjon på bruk av tilskot. For tilskot frå 50.000 til 100.000 kroner, skal det leverast skriftlig rapport med rekneskap stadfesta av revisor.

Med helsing

Magnus J. Steinsvåg  
seniorrådgjevar

Olav Overvoll  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*